

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 3. juni 2015

Ny organisering av PPT indre Sogn frå 1.1.2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2004 vore eigar av PPT Sogndalsregionen. Kontoret har gitt tenester til Sogndal vidaregåande skule, Luster vidaregåande skule, Sogn jord- og hagebruksskule og Sygna vidaregåande skule. Kommunane Leikanger, Sogndal og Vik har kjøpt tenester, regulert i 4-årige samarbeidsavtalar. I tillegg har kontoret ansvaret for å følgje opp lærlingane og lærekandidatane i region Sogn.

Siste revisjon av samarbeidsavtalen var for fire år sidan og då frå 1.5.2010. Avtalen er seinare mellombels forlenga fleire gonger, sist fram til 31.12.2015.

For fylkeskommunen har det vore eit viktig prinsipp at den pedagogisk-psykologiske tenesta skal vere gjennomgåande for heile grunnopplæringa. Dette var også ein av føresetnadene som låg til grunn for gjennomgangen og reorganiseringa av tenesta i heile fylket i 2004. Fylkestinget vedtok noverande organisering i sak 66/03. Fylkesutvalet fekk samstundes delegert mynde til å gjere mindre justeringar i organiseringa. Fylkesrådmannen vurderer ei oppløysing av ei fylkeskommunal teneste til å vere ei sak fylkestinget må ta stilling til.

Fylkeskommunen eig i dag, i tillegg til PPT Sogndalsregionen, PPT Eid og Vågsøy. Her kjøper kommunane Eid og Vågsøy tenester. Kontoret har utanom Eid vidaregåande skule og Måløy vidaregåande skule også ansvaret for lærlingane og lærekandidatane i Nordfjord. Til dei andre vidaregåande skulane og lærlingane/lærekandidatane i fylket kjøper fylkeskommunen tenester, gjennom 4-årige avtalar.

Stillingsressursane (både på egne kontor og der ein kjøper tenester) byggjer på tal elevar og lærlingar/lærekandidatar som høyrer til tenesta, med utgangspunkt i 500 ungdomar pr. fagstilling.

Ny organisering - prosjekt Sogn PPT

Sogn regionråd sette i 2011 i gang prosjektet «System for styrka læring 2013-2021» som eit regionalt barnehage- og skuleutviklingsprogram. Som del av dette vart det våren 2013 starta eit forprosjekt som skulle sjå på ei felles organisering av PPT i Sogn. Målet var mellom anna å redusere omfanget av spesialundervisning i medlemskommunane. Prosjektrapporten frå Deloitte, *PPT i Sogn – underlag til organisasjonsvurdering*, vart lagt fram 4.2.2015. Prosjektrapporten konkluderer mellom anna med at kommunane som skuleeigarar i større grad må ta ansvar for å styre det systematiske kvalitetsarbeidet i pp-tenesta.

Fylkeskommunen har vore medlem i styringsgruppa for prosjektet, ved fylkesdirektøren for opplæring.

Styringsgruppa vedtok i møtet 4.3.2015 å etablere ei PP-teneste etter vertskommunemodellen i kommunelova § 28b, med Sogndal kommune som vertskommune. Noverande samarbeidskommunar, og med tillegg av Lærdal, Luster og Aurland, vert med.

Årdal kommune har i dag ein samarbeidsavtale med Lærdal kommune og fylkeskommunen som gjeld i fire år frå 1.1.2014. Fylkesrådmannen kjenner førebels ikkje konsekvensane av at Lærdal kommune trekkjer seg ut av dette samarbeidet, heller ikkje når dette eventuelt skjer.

Utkast til ny samarbeidsavtale er sendt ut til kommunane frå Sogn regionråd. Denne byggjer på ein modell der kommunane går inn med ein fast basisressurs på 25% av kostnadene kvar, og 75% etter tal born 0-16 år. Fylkeskommunen skal kjøpe tenester tilsvarande 1 fagstilling pr. 500 ungdommar, som utgjer 2,5 stillingar i dag. Ressursen vert justert og tilpassa faktisk elev-/lærlingtal ved store endringar.

Dei tilsette i PPT Sogndalsregionen vert overførde til Sogn PPT.

Vurdering og konklusjon

Fylkeskommunen tilbyr i dag pedagogisk-psykologiske tenester etter to modellar, enten som kjøpar eller seljar av tenester. Dette er ei ordning som fungerer godt.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at ei gjennomgåande pp-teneste, som famnar heile grunnopplæringa, er mest formålstenleg. Fylkesrådmannen ønskjer difor å vidareføre pedagogisk-psykologisk teneste som eit samarbeid med aktuelle primærkommunar, framfor å etablere ei rein fylkeskommunal teneste.

Kommunane Luster, Sogndal, Aurland, Lærdal, Leikanger og Vik skal før sommaren handsame ei politisk sak om etablering av ei eiga teneste og eit framlegg til ny samarbeidsavtale.

Fylkesrådmannen vil på bakgrunn av desse vedtaka truleg leggje fram sak om organisering av pedagogisk-psykologiske tenester i indre Sogn for fylkestinget i oktober. Ny teneste skal vere operativ frå 1.1.2016.

Ein overgang frå ei fylkeskommunalt eigd teneste til ei kommunal teneste vil bli handsama som ei verksemdoverdraging, der dei tilsette sine rettar skal takast i vare i samsvar med lov- og regelverk.

Dette til fylkesutvalet si førebelse orientering.